



Kystverket
Postboks 1502
6025 Ålesund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/504 - 23/6877

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.08.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av vindmølar og søknad om dispensasjon - gbnr 5/1, 5/2 og 5/3

Me syner til søknad motteken 03.05.23

Administrativt vedtak. Saknr: 072/2023

Tiltakshavar: Staten /Kystverket
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 og dispensasjon frå planformål og byggjegrænse mot sjø.

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå planformål og frå § 1-8 i plan- og bygningslova, byggjegrænse mot sjø, for etablering av vindmølar på gbnr. 5/1-3 på Ytre Raunholmen.

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 e) løyve til tiltak for oppføring av vindmølar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.01.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket og framtidig vedlikehald skal utførast i tida utanfor hekkesesongen til gråmåke og teist, og elles ta hensyn til anna dyre- og fugleliv på holmen.
3. Tiltaket kan ikkje setjast i verk før klagefristen eg gått ut.

Grunngjeving:

Tiltaket er vurdert å ha høg samfunnsnyttig verdi, då det vil gje auka tryggleik for skipstrafikken rundt Haugsøytangen ankringsområdet. Tiltaket vil ikkje påverka dyre- og fuglelivet, då installasjonen er liten, ikkje har bevegelege delar eller avgjer støy til omgjevnadane. Det er vurdert at tiltaket ikkje får negative konsekvensar for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge og at det er klart større fordelar med å gje løyve enn ulemper.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.3	Dispensasjon planformål og byggjegrænse mot sjø, mindre tiltak	1	5.800,-
10.3.1	Basisgebyr, det tiltakshavar kan søkje sjølv	1	5.400,-
	Totalt gebyr å betala		11.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av vindmølar på gbnr. 5/1 på Ytre Raunholmen i Fensfjorden. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå planformål, som i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 er avsett til LNF-område, og frå byggjegrænse mot sjø. Det er frå før etablert eit seglingsmerke på holmen.

Landbruksfagleg uttale

Det er ikkje henta inn landbruksfagleg uttale. Eigarane av holmen opplyser at ikkje er i bruk i dag og dei er og usikre på kva den har vært nytta til tidlegare. Det er moglege at den har vært nytta til å hausta gras og tang.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Statsforvaltaren for Vestland, dat. 12.06.23. Dei påpeikar at det bør setjast som vilkår at etableringa skjer utanfor hekkesesongen til dei artane som er registrert på holmen, om kommune finn at det er grunnlag for å gje dispensasjon.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling, då tiltaket ligg på ein holme.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 04.01.23.

Vurdering dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammes, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Her har det ikkje kome negativ uttale frå anna styresmakt.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje løyve ved likande høve.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket har høg samfunnsnyttig verdi og at tiltaket ikkje vil påverka omgjevnadane etter det er etablert. Ein finn heller ikkje at ein set føresegnene det vert gjeve dispensasjon frå vesentleg til side.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå planformål og byggjegrænse mot sjø.

Privatrettslege tilhøve

Det er gjort bruksrettsavtale med aktuelle grunneigarar på holmen.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova, når ein set som vilkår at etablering og evt. vedlikehald skal skje i tida utanfor hekkesesongen til dei artane som er registrert der og elles tek hensyn til anna dyre- og fugleliv ved etablering og vedlikehald.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kystverket

Postboks 1502 6025

Ålesund